
Saksnr: 2020/75487-4
Saksbehandlar: Elizabeth Jan Warren

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Høyringsfråsegn - Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030, Bergen kommune

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner planforslag til *deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030 i Bergen kommune* dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid i kommunen.
2. Mål, strategiar og tiltak syner retning og vil kunne styrke arbeidet med å auke mangfald i deltaking og utøving av kunst- og kultur i Bergen kommune.
3. Planen kan tene som førebilete og inspirasjon for andre kommunar og Vestland fylkeskommune
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ønsker eit tettare samarbeid med Bergen kommune innan feltet, og viser til den sterke koplinga til mål og strategiar i regional kulturplan, og Utviklingsplan for Vestland.

Samandrag

Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030 i Bergen kommune formidlar byrådet sine politiske ambisjonar om auka deltaking og mangfald i kunst- og kulturlivet i kommunen. Kunst- og kulturtilbod i Bergen skal spegle eit mangfaldig samfunn, der alle innbyggjarane har tilgang til å utøve og oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, aktualitet og relevans. Alle skal få anledning til å delta og utfolde seg i et fritt og uavhengig kunst- og kulturliv.

Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030 i Bergen kommune er gjennomarbeidd, oversiktleg og ambisiøs. Planen verkar godt forankra blant kunst- og kulturaktørar lokalt. Planen støtter opp om mål og strategiar i utviklingsplan for Vestland og gjeldande regionale kulturplanar, og kan tene som førebilete og inspirasjon for kommunar og fylkeskommunen.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030, Bergen kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bergen kommune har sendt *Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030*, på høyring med frist 13.11.2020. Fylkeskommunen har bedt om utsett frist grunna politisk handsaming til protokoll føreligg. Fylkesdirektøren har sendt saksframlegg og forslag til vedtak til Bergen kommune, med atterhald om vedtak i hovudutvalet.

Vestland fylkeskommune vurderer planen ut frå nasjonale mål og fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Det er første gang Bergen kommune utarbeider ein plan for deltaking og mangfald i kunst- og kulturfeltet. Planen formidlar byrådetts politiske ambisjonar om å auke deltaking og mangfald i kunst- og kulturfeltet, viser dei utfordringane felte står overfor, og foreslår løysingar på utfordringane gjennom ulike verkemiddel.

Bergen vektlegg ein kunnskapsbasert kulturpolitikk med tett dialog med kunst- og kulturfeltet og andre, relevante aktørar som arbeider med mangfald innan ulike område av samfunnslivet som til dømes Bergen Offentleg Bibliotek. Det er henta inn innspel gjennom innspelsmøter, ei skriftleg innspelsrunde og møter med enkeltaktørar og organisasjonar i det breie kunst- og kulturfeltet. Ungdomsrådet, eldrerådet og kommunalt råd for personar med nedsatt funksjonsevne har vore involvert i arbeidet.

Planen er forankra i kulturlova, stortingsmeldingar, vedteken kulturstrategi i Bergen kommune og kulturplanar innafor amatørkulturfeltet, det profesjonelle kunstfeltet og museumsfelt og andre relaterte planar som følger:

- Kunstplan for det profesjonelle feltet for perioden 2018 - 2027
- Amatørkulturplan for Bergen 2018 - 2027
- Plan for arkiv, bibliotek og museer - ABM plan for Bergen (2012-2021)
- Kunstformidlingsplan for barn og unge 2020-2025
- Kulturarenaplanen 2019-2030
- Bergen 2030, Kommuneplanens samfunnsdel
- Plan for frivillighet
- «Verden i Bergen - plan for inkludering og mangfold 2018-2022»
- Bergen kommune har etablert et barnefamiliepanel der rundt 20 prosent av alle familier i Bergen med barn mellom 3 og 15 år deltar. - medverknadsprosess

Hovudmål for planen er at *«kunst- og kulturtilbod i Bergen skal speile et mangfaldig samfunn, der alle byens innbyggere skal ha tilgang til å utøve og oppleve kunst og kultur av høy kvalitet, aktualitet og relevans. Alle skal få anledning til å delta og utfolde seg i et fritt og uavhengig kunst- og kulturliv.»*

Planen sine mål, strategiar og tiltak gir retning og verkmiddel som bidrar til:

- Auka deltaking i kulturlivet frå publikumsgrupper som ikkje deltar i dag
- Utjamne forskjellar innan felt og sjangrar der det er skeivfordeling i deltaking i dag
- Legge til rette for at mangfald i befolkninga speglast i både utøving og oppleving av kunst og kultur

Fem satsingsområde er sentrale i arbeidet for å auke deltaking og mangfald:

- Ytringsfriheit og ytringsmangfald
- Nettverk
- Infrastruktur
- Kommunikasjon og formidling
- Organisering og forvaltning

Handlingsdelen er delt inn i følgjande underkapittel med kvar sitt delmål og ei skildring av status og utfordringar, strategiar og tiltak:

- Mangfald blant publikum
- Mangfald i kunst- og kulturfeltet
- Kulturetaten - kommunal kulturverksemd i lokalsamfunnet

- Bergen Offentlige bibliotek

Planen har mange gode tiltak med ulike verkemiddel. Her er nokre eksempel:

- stiller krav til tilskotmottakarar om å auke mangfald blant utøvarar og publikum
- vektlegg likestilling og mangfald i styresamansetting blant tilskotsmottakarar
- styrker tilskotsordningar for prosjekt der mangfald er ein integrert del av prosjektet
- etablerer samarbeid mellom kulturinstitusjonane og flyktningar
- etablerer vergeordningar,
- utvidar aktivitetskorttilbod
- etablerer eit kunnskapstorg for å utveksle og dele kunnskap, kompetanse, erfaring,
- styrker marknadsføring
- utviklar publikumsundersøkingar og statistikkbasert styring
- justerer tidspunkt for arrangement for å tilpasse barn og eldre,
- aukar samarbeid på tvers,
- evaluerer tilskotsordningar regelmessige med blick på ekskluderande strukturar

Vurderingar:

Utviklingsplan for Vestland, forankra i FN's berekraftsmål og vedtatt av fylkestinget 29.09.2020, er førande for kommunane. Det er særleg mål 3 lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og mål 4 like moglegheiter til å delta som er aktuelt å vise til i planen. Vestland fylkeskommune har to regionale planar på kulturfeltet som gjeld i dei geografiske områda til ny regional plan for kultur er vedteke. I *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025* er inkludering eit gjennomgåande tema.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er førande og relevante å vise til i planen. Her stå det at fylkeskommunane og kommunane tek vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale og regionale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv. God inkludering på sentrale livsarenaer bidreg til å oppretthalde eit samfunn med små forskjellar, høg tillit og god livskvalitet. Kulturlivet og andre former for fritidsaktivitetar er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse. Regjeringa meiner det er viktig at kommunar og fylkeskommunar sørgjer for at alle har reell tilgang til kulturgoda, uavhengig av bakgrunn.

Plan for deltaking og mangfald i kunst- og kulturfeltet i Bergen kommune er godt gjennomarbeidd, oversiktleg og forankra nasjonalt og lokalt. Planarbeidet er viktig for å skape gode, attraktive og berekraftige lokalsamfunn for innbyggjarane og like moglegheita til å delta. Planen kan tene som førebilete for andre kommunar og for arbeidet på regionalt nivå, og som inspirasjon. Med ei enda tettare kopling mot regional mål og strategiar innan kunst- og kultur, kulturarv og inkludering kan rekkevidde og verknad av planen vore endå sterkare. Her har kommunen og regionen felles målsettingar, som kan vere utgangspunktet for samarbeid i tida framover.

Det er svært positivt at museumsfeltet og frivillig kulturvern er inkludert i planen. Dette er ein annan arena der fylkeskommunen har samanfallande ønske om eit meir inkluderande satsing på alle plan og der fylkeskommunen og kommunen bør samarbeid tettare for å nå desse måla.

På regionnivå er satsingar innan idrett og friluftsliv tett kopla saman med kunst og kulturfeltet. Her er det mange samanfallande tiltak rundt inkludering. Bergen kommune sin plan kunne med fordel også vise til og drøfta felles satsingar innafor idrett og friluftsliv og eventuelt andre fagområde i kommunen der inkludering er viktig.

Det er mange gode, konkrete tiltak som er foreslått i planen. Nokre tiltak i dei ulike underkapitla er delvis overlappande i verkemiddelbruk. Det er mogleg at ein samletabell av alle tiltak sortert etter verkemiddel kunne gje ein betre oversikt av tiltaka. Det vil gjere det lettare å sjå samanhengane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 3 siste kulepunkt:

Innan sitt saksområde gje uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket vil ikkje h økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune

Klima: Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at planen har vesentleg klimaavtrykk. Planen trekker fram FN's berekraftsmål om god helse, likestilling mellom kjønna, mindre ulikskap, berekraftige byar og lokalsamfunn og fred og rettferd.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse Hordaland 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle.*

Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål. Planen adresserer Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping i Utviklingsplan for Vestland.

Konklusjon

Fylkeskommunen meiner planforslaget dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid med deltaking og mangfald i kunst- og kulturfelt i Bergen kommunen. Mål, strategiar og tiltak i planen syner klår retning, og vil kunne styrke arbeidet med auka mangfald i deltaking og utøving av kunst- og kultur i Bergen kommune. Planen kan tene som eit godt førebilete for andre kommunar. Vestland fylkeskommune ønsker eit tettare samarbeid med Bergen kommune innan feltet, og viser til den sterke koplinga til mål og strategi i våre regionale kulturplanar og i Utviklingsplan for Vestland.